



2021-2022

BARNEHAGANE I HÆGEBOSTAD KOMMUNE

ÅRSPLAN

KONTAKTINFORMASJON

BARNEHAGANE I HÆGEBOSTADKOMMUNE

Hægebostad barnehage

Enhetsleder Synnøve Hultin

Telefon 480 79 219

Mailadresse: synnove.hultin@haegebostad.kommune.no

Heimesida til barnehagen:

www.haegebostadbarnehage.no

Eiken barnehage

Enhetsleder Irene Eiken handeland

Telefon 454 25 922

Mailadresse: irene.handeland@haegebostad.kommune.no

Heimesida til barnehagen:

www.eikenbarnehage.no

Info om barnehagane kan de finne på kommunen si heimeside:

www.haegebostad.kommune.no

Skatten

Tusen små skatter

i lommene

på buksa, i jakken, genseren

i sekken

i skoene

skatter fordi de er

myke, glitrende, hvite eller grå

sorte, kantete

store, små

skatter funnet på hemmelige steder

i leken

på veien eller sandkassa

tusen små gleder

din latter

ditt vesen

det er jo DU som er skatten!

(Wenche-Anita Hansen)

Velkommen til barnehagane i Hægebostad kommune.

Me gler oss til å oppleve kvardagen saman med deg!

I fylgje Lov om barnehagar skal kvar barnehage utarbeide ein årsplan for barnehagens innhald og organisering. Hensikta med årsplanen er å sikre god kvalitet på barnehagens innhald og organisering, og at barnehagen jobbar i tråd med Rammeplanen. Årsplanen blei fastsett av Samarbeidsutvalet 30.06.21.

Hægebostad barnehage og Eiken barnehage er heiltidsbarnehagar som er eigde og vert drivne av Hægebostad kommune.

Hægebostad barnehage, Asjersvei 3, 4595 Tingvatn



Eiken barnehage, Eikenveien 467, 4596 Eiken



TILBOD

Barnet kan søkes inn 4 eller 5 dager i barnehagen pr. veke. Opningstider: måndag – fredag kl. 06.55-16.10.

Barnehagen fylgjer makspris på foreldrebetaling. Barnehagane er stengd i veke 28 og 29. Alle barn må ha 4 veker samanhengande ferie i perioden mellom veke 26 og veke 31). Barnehagen har ei kjernetid mellom 9.00/9.30 – 14.00. Barnehagen har stengd julaftan og nyttårsaftan, samt 5 planleggingsdagar pr. barnehageår.

VÅRE STYRINGSdokument

Barnehagelova og Rammeplanen er offentlege styringsdokument som barnehagen må førehalde seg til for å sikre kvaliteten og innhaldet i barnehagen.

LOV OM BARNEHAGAR

BARNEHAGELOVA SIN FORMÅLSPARAGRAF (§1)

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel

og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGAR

Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) fastset utfyllande bestemmelser om barnehagen sitt innhald og oppgåver. Rammeplanen gjev barnehagen rammer for arbeidet med barna, foreldra og personalet.

Verdigrunnlaget i rammeplanen

Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen og bidra til at alle barn som går i barnehage får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og lek.

Kvalitet i barnehagen

- Barnehagen skal vere til barnets beste
- Barna skal oppleve glede og meistring
- Barna skal få leike, lære og utvikle seg og delta aktivt i eit sosialt og kulturelt fellesskap

Gode barnehagar formidlar verdiar og haldningar, gjev barna grunnleggande ferdigheiter og kunnskapar og trening i å delta aktivt i eit fellesskap med barn og voksne utanfor familien.

Barnehagen skal vere ein god støttespelar for foreldra i omsorga for barna og bidra med god stimulering til læring.

Kvalitetssikring i barnehagen inneber ein stadig utvikling av personalets kompetanse. Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon slik at den er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Dette inneber at vi som jobbar i barnehagane stadig tileignar oss ny kompetanse.

SAMARBEIDSUTVALET

Alle føresette i Hægebostad barnehage og i Eiken barnehage utgjer kvar sitt foreldreråd. Ut i frå desse blir det valt 2 representantar frå kvar barnehage som skal sitje i Samarbeidsutvalet, saman med 2 frå personalet og 1 representant frå kommunen.

I barnehagelova § 4. *Foreldreråd og samarbeidsutval* står det: *For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet består av foreldra/føresette til alle barna og skal fremme deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregrupper skaper eit godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan berre foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.*

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eiger kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av de andre gruppene.

Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Det er først når alle partane i utvalet er samla at det kan kallas eit Samarbeidsutval. Dei foreldra som er representert i samarbeidsutvalet kan og be om eit møte berre med styrer, men det blir då ikkje eit møte på vegne av Samarbeidsutvalet, men som foreldrerepresentantar for dei øvrige foreldra på ei avdeling/i ein barnehage. I forkant av dette bør det vere eit foreldreråd.

SAMARBEID MED HEIMEN

Samarbeidet mellom foreldre/føresette og barnehagen er grunnleggande for å oppnå gode vilkår for barnehagens formålsparagraf:

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

Barnehagelova §1 Formål, 1. ledd

PERSONALSAMARBEID/-UTVIKLING

I barnehagane våre er vi opptatt av at heile barnehagen skal fungere som ein barnehage og at det skal vere eit godt samarbeid mellom avdelingane og eit godt samarbeid mellom barnehagane. Eit godt personalsamarbeid er viktig for å få til ein god barnehage.

Atmosfæren i barnehagane skal vere prega av glede og humor og vi er bevisst på verdien av eit slikt klima både for barn og vaksen.

Leiing og personale utviklast i samspel med kvarandre. Me har tru på kvar enkelt. Me skal vere ei leiing som er til stades, tydeleg og synleg og som stillar høge krav både til oss sjølv og våre medarbeidarar.

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR

Barnehagane har tett samarbeid med skulene og helsestasjonen i Hægebostad kommune. Barnehagen har samarbeid med PPT, barnevern og pedagogisk senter i Listerregionen, HABU, ABUP og kommunen sitt tiltaksteam dersom det skulle vere nødvendig.

Gjennom skulane har me tilgang til gymsal og symjehall. Barnehagane har eit tett samarbeid med bibliotekaren gjennom ukentlige besøk.

Barnehagane er IA-bedrifter og har Bedriftshelsetenesta som ein samarbeidspartnar i forbindelse med tilrettelegging for personalet.

TEIEPLIKT

Alle som arbeider i barnehagen har teieplikt, i samsvar med Forvaltningslova § 13. Dette skal sikre foreldre, barn og tilsette mot at private forhold kjem uvedkommande for øyret.

Alle personopplysningar er underlagt teieplikta og vil bli oppbevart i fylgje personopplysningsloven.

- MELDEPLIKT

Barnehagen har meldeplikt til barnevernstenesta, det vil seie at barnehagen er pålagt å varsle barnevernstenesta, utan hinder av teieplikta, dersom ein blir kjent med forhold ein trur vil kunne skade eit barns helse eller utvikling, jf. Barnehagelova § 46 og Barnevernloven § 6-4.

DOKUMENTASJON/EVALUERING

Barnehagens dokumentasjon kan gje foreldre og kommunen informasjon om kva barna opplev, lærar og gjer i barnehagen. Det vert dokumentert gjennom tekst og bilete på barnehagen si heimeside og gjennom ei dokumentasjonsbok som barna får med seg heim ved barnehageårets slutt.



I tillegg evaluerer personalet barnehagens arbeid med rammeplanens sju fagområde.
Vi bruker ulike pedagogiske verktøy for å observere barns utvikling for å kunne ivareta barns individuelle behov best mogeleg.

BARNS MEDVERKNAD

«De (barna) skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar»

Barnehagelova § 1 Formål, 2.ledd

FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei og at meiningane til barn skal telle. Barn har rett til å uttrykke seg og påverke alle sider av livet i barnehagen.

Barns medverking i det indre liv i barnehagen kan vere det første skritt for å få innsikt og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn.

BARNS LEIK

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - aleine og samen med andre» (jfr. Rammeplanen)



Rolleleik

Det at barn har god kompetanse i rolleleik er viktig for barnas læring.

Kjenneteikn på god rolleleik:


- Frivillig deltaking
- Lystbetont
- Fiktiv verden
- Språkferdigheter, verbalt og non-verbalt
- Igangsetter (starte leiken)
- Holde leiken i gang over tid
- Styres av rammebetingelser (materieill, fysisk miljø, sosialt klima, opplevelser og erfaringar)
- Lede leiken
- Lar seg lede
- Turtaking
- Forberede/organisere leiken (dele ut roller/miljøet forbedres)

Rollelekenes funksjoner:

- Bygge opp barnets kompetanse
- Tvinge barnet til å ha eit anna perspektiv
- Øvelser i konfliktløsning og bearbeiding av opplevelser (sosiale øvelser)
- Språkutvikling/-øvelser



Lekesolen



Når du henter i barnehagen og spør barnet ditt hva det har gjort, svarer det ofte: «Jeg har bare lekt». Men det faktisk barnet ditt har gjort mens det har lekt er....

(Fritt etter Kari Pape 2013)

Leseglede

Me fortset det gode arbeidet med å styrke barnehagens språkmiljø og forberede barna til å møte lesing og skrivning i skulene.

Målet er å styrke barnehagens daglege arbeid med barnas språklæring gjennom ulike leseaktiviteter. Me ynskjer å bruke bøker meir bevisst, og auke vår felles forståing for kor viktig bøker er for å styrke språket. I barnehagen skal barna bli møtt av vaksne som les bøker saman med barna, deltar i engasjerte samtaler, musiske aktivitetar, og ulike fortellersituasjonar. Dei tilsette skal vere språklege modeller for barna og dagleg leggje til rette for språkstimulering.

Barn som strever med språket vil gjennom disse ulike aktivitetane bli fanget opp på et tidleg tidspunkt.



BARNEHAGEBIBLIOTEK

Begge barnehagane har eit barnehagebibliotek. Det er då mogleg for foreldre å låne med seg heim bøker frå barnehagen. Målet er at både barn og føresette skal sjå verdien av bøker og lesing og kor viktig dette er i forhold til vidare språk- og leseutvikling.



TRAFIKKOPPLÆRING I BARNEHAGANE

Mål:

Styrke og utvikle barnas gode haldningar til trafikk og adferd i trafikken og hjelpe barna med å bli sikre og ansvarsfulle trafikantar.

Dei vaksne skal vere gode rollemodellar.

Heilt frå barna er små må dei førehalde seg til trafikk. I byrjinga er det dei vaksne som har det heile ansvaret, men etter kvart er målet at barna skal bli sjølvstendige og trygge trafikantar. Foreldre er den viktigaste rollemodellen. Det er viktig å leggje grunnlaget for barnas trafikksikkerheit tidleg. Trafikkopplæringa i barnehagen er viktig for å gi det enkelte barn betre ferdigheiter, kunnskap og haldningar som fotgjengar, passasjer, syklist i trafikken, og seinare i livet som sjåfør. Kunnskapen må byggast opp gradvis og starte med det nære og kjente. Barnehagen vil støtte seg på trafikkmateriell som er utvikla av Trygg Trafikk.




KULTURFORMIDLING

I Hægebostad vil vi formidle kulturen frå dei ulike land som er representert i barnehagane. Dette blir gjort på ulike måtar som spennande besøk frå ulike land, mattradisjonar, film, song og dans.

Samane er Norges urbefolkning og vi vil derfor gje barna kjennskap til samisk kultur og tradisjon.

Dette vil bli formidla i forbindelse med samenes nasjonaldag.



BEREKRAFTIG UTVIKLING

Vi jobbar for at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen legg grunnlag for barnas evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna gjer erfaringar med å gje omsorg og ta vare på omgivelsene og naturen. Barna får varierte naturopplevingar og blir kjend med naturens mangfald, og barnehagen ynskjer med dette å bidra til at barna opplev tilhørighet til naturen gjennom turar i skog og nærområde, bevisstgjer de ulike årstider og kva som skjer i naturen gjennom året, planter og sår, undrar oss over naturens fenomen og haustar av naturen.



Personalet er rollemodeller for barna og ved samtaler og bevisstgjerung rundt det å ta vare på leiker og utstyr, redusere papirforbruk og redusere matavfall vil dette vere eksemplar på korleis vi kan ta vare på miljøet vårt.

Barna i barnehagane drar stadig på tur i nærmiljøet som miljødetektiver og kommer tilbake med mykje som ikkje høyrer til i naturen.



INKLUDERENDE LÆRINGSMILJØ

Tidleg innsats:

Tidleg innsats handlar mykje om personalets kompetanse og sensitive vaksne med handlingskompetanse som kjenner hjelpeapparatet i kommunen og tek det i bruk ved behov. Tidleg innsats handlar og om overgangen mellom barnehage og skule og om at ingen barn i barnehagen skal oppleve diskriminering eller mobbing.

Tidleg innsats er handling på tidlegast mogleg tidspunkt for å unngå at eit problem skal oppstå eller når eit problem har oppstått eller blitt avdekka.

Ved behov for hjelp frå eksterne aktørar er det viktig med gode samarbeidsrutiner for barnehagane.



Både barn og voksne har blitt einige om at vi skal følge løveloven. Regnbueløva er bærer av de grunnleggande verdiane i VÆRE SAMMEN. Vi bruker blant anna figurer, temabøker, fortellingar, samtalebilder og sanger frå VÆRE SAMMEN som verkemiddel i arbeidet.

Målet er at alle vaksne i barnehagane i Hægebostad har ein autoritative vaksenstil, og legg til rette for eit inkluderande leikemiljø for barna. Teori og forskning knytte til det autoritative perspektivet understrekar at barn treng vaksne som bygger varme og omsorgsfulle relasjonar til kvart enkelt barn, samtidig som dei er tydelege grensesettare. Vaksne som opptre tydeleg samein med barn, og viser dem respekt, varme og innlevelse, skaper optimale forutsetningar for utvikling.



God stemning

Gode relasjonar skal vere vårt varemerke. Vi er opptatte av at den gode stemninga på husa skal prege våre barnehagar. Vi skal vere leikne vaksne som sprer glede. Dette er med på å bidra til å skape den gode stemninga.

Store og små i barnehagane i Hægebostad er opptatte av å stå saman og hjelpe kvarandre.

Vi samarbeider godt på tvers av avdelingane. Vi verdset foreldresamarbeidet høgt. Vi ynskjer at barnehagane i Hægebostad skal vere eit godt sted for barn, foreldre, tilsette og andre besøkande eller samarbeidspartnarar.

LIKESTILLING

«Barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper et likestilt samfunn. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine egne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.»

(jf. Rammeplanen)

Barnehagane har jobba med likestilling i fleire år og vil fortsetje det implementeringsarbeidet. Jobbar med likestilling på ulike nivå og områder – ikkje berre kjønn.

Førebyggjande arbeid mot mobbing:

Begrepet mobbing benyttes ofte om alt av erting til voldelige overgrep. For å bekjempe mobbing er det viktig at me har ei felles forståing for kva mobbing er. Mobbing er når ein person

eller ei gruppe gjentatte gonger og over tid plager og trakasserer eit offer. Mobbing handlar om makt og avmakt, og det er eit skeivt maktforhold mellom den som mobbar og den som blir mobba. Mobbing blant småbarn kan forebyggast ved at vaksne er oppmerksame på den enkelte barns trivsel og på samværsmonster i barnegruppene. Mobbing i barnehagen kan stoppes av aktivt deltakande og sensitive vaksne som griper inn når det er nødvendig (frå BFD, veileder om mobbing i barnehagen «barns trivsel – voksnes ansvar»)

Rammeplanen for barnehagar uttrykker at barnehagane har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing og seier vidare at sosial kompetanse er vesentleg for å motvirke utvikling av problemadferd som diskriminering og mobbing.

I barnehagen skal barna erfare i samspel med andre og utvikle sosial kompetanse. Sentralt er korleis dei vaksne støtter barna når dei deltek i barnehagekvardagen, bygger relasjonar til kvarandre, inngår i samspel, leiker og knyter vennskapsband.

MÅL:

Ingen barn skal oppleve diskriminering og mobbing i vår kommune/barnehage.

«JEG TRIVES!»

«Jeg trives!» er ein handlingsplan for trivsel i barnehagen og førebygging av mobbing og krenkande adferd. Denne planen er eit verktøy for personalet i barnehagen, i hjelp mot å førebygge mobbing og krenkande arbeid.

«Jeg trives!» har fokus på **samspel – relasjonar – trygghet** mellom barn-barn og barn-vaksen, der det å kunne førebygge er eit mykje betre utgangspunkt enn å måtte reparere.



LIVSMESTRING OG HELSE

«Måltider og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne matvaner.»

(jf. Rammeplanen).

Barnehagane i Hægebostad kommune i varetek dette ved at barnehagen serverer alle måltidene.

Barnehagane skal legge til rette for at barna skal få moglegheiter til å veksle mellom fysisk aktivitet og kvile.



OVERGANGER INNAND I BARNEHAGEN

Barn som byrjar i barnehage får fleire erfaringer med overganger i den tida dei er i barnehagen. Det startar med

overgangen frå barnets heim til barnehage. Gjennom den tida dei har i barnehagen vil dei bytte grupper og avdelingar. Dette gjev barna nye opplevingar og erfaringer som kan vere til hjelp i overgangen frå barnehage til skole

Vi legger til rette for at barna skal få moglegheiter til å gjere seg kjent med ny avdeling før oppstart.

OVERGANG BARNEHAGE-SKULE

Barna på skuleklubben er nå dei eldste i barnehagen. Me legg til rette for å gje dei opplevingar og erfaringar som forbereder dei til skulestart. Barnehagane i Hægebostad er så heldige at dei ligg i nærhet til skulene. Det gjer at barna er godt kjend med skulen sitt uteområdet, bibliotek og gymsal før de har byrja på skulen. I løpet av det siste året i barnehagen har skuleklubben besøk av 1. klasse og dei er og på besøk hos 1. klasse på skulen.

Det er foreldresamtale for alle borna på skuleklubben på våren før dei byrjar på skulen. ein har og eit overgangsmøte saman med kontaktlærer før oppstart. Det blir i forkant av dette sendt ut eit skjema til foreldre der dei kan gje tillatelse til at barnehagen overfører observasjonsskjema og annan informasjon om barnet til skulen.

Barnehagane og skulane i Hægebostad kommune har utarbeida ein eigen overgangsplan.

Fagområda

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

I barnehagane våre jobbar vi med kommunikasjon, språk og tekst ved å legge til rette for at barna får utforske og leike med språket gjennom alle sansane.

Me legg til rette for gode leiker og læringsarena for barna.

Både ute- og innemiljøet er utforma på ein slik måte at barnas nysgjerrigheit og kreativitet kan tas med inn i leiken.

Tilstedeverande og kompetente vaksne er viktig for at kvart enkelt barns utvikling blir ivaretatt på ein god måte.



KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Dette fagområdet vektlegg at barna skal få sanse, oppleve, leike og lære med kroppen som utgangspunkt. Me legg til rette for allsidig bevegelse og at barna er i aktivitet både ute og inne heile året. Barna skal lære motoriske ferdigheiter og kjenne og lære eigne grenser.

Mat og helse bli ivaretatt gjennom ulike aktivitetar slik at barna får kunnskap om kva kroppen treng, kor maten kjem frå og korleis den blir tilberedt. Ein skal tileigne barnet kunnskap og gode haldningar om hygiene.



KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Me skal gje barna estetiske erfaringar med kunst og kultur gjennom varierte aktivitetar og kunstformer. Barna skal få moglegheitene til å oppleve og skape kulturelle inntrykk gjennom musikk, dans og drama. Dei skal lære seg å kjenne ulike materiell, verktøy og ulike teknikkar. Gje dei rom for å bearbeide kulturelle inntrykk.



NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Gi de opplevingar og erfaringar i naturen for å forstå samanhengen og eigenarten i naturen og bidra til å ta vare på den (berekraftig utvikling). Gi de gode erfaringar så barna blir glade i naturen, meistre og gje dei glede i å vere ute i naturen i alle årstider. Leggje til rette for at naturen skal vere en læringsarena der dei kan utforske og skape nysgjerrigheit på ulike naturfenomen. Lære seg dei fysiske lover.



MENGDE, ROM OG FORM

Lære barna å sjå, utforske og skape nysgjerrigheit. Lære barna å forstå samanhengen i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal leggje til rette for leikende og undersøkende aktivitetar med sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tall, teljing og måling. Den vaksne skal stille spørsmål til refleksjon og prøve å finne løysningar på utfordringar dei møter.



ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Fagområdet er med på å forme korleis vi oppfattar verden og mennesket og korleis det pregar verdiar og normer. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. På en slik måte vil de få erfaringar med at kulturelle uttrykk har en egen verdi. Gjennom samtaler skal personalet reflektere sammen med barna for å undre seg over eksistensielle etiske og filosofiske spørsmål som barn lurar på. På denne måten vil vi leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft. På denne måten ynskjer vi å bidra til at barn utviklar toleranse, interesse og respekt for kvarandre.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Ved at barna blir tatt med i kvardagslivet i barnehagen vil me leggje eit grunnlag for at barna får erfaringar med å delta i eit demokratisk samfunn. Me vil gjennom erfaringane bli kjend med eige nærmiljø og samfunnet rundt for å føle en tilhørighet til dette. Gjennom tilhørigheten til barnehagen vil dei og få erfaringar med kulturelt mangfald og ulike familieformer. Barnehagen skal gje barna kjennskap til norske minoritetar.



Kvar avdeling skriv ein halvårsplan ut i frå rammeplanens fagområde og barnas alder og modning. Dette er til Internt bruk. I tillegg sendes en månadsplan med konkrete aktivitetar til barnets føresette kvar månad.

AUGUST 2021

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
						1.
2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.
9. Oppstart nytt barnehageår Planleggingsdag Hægebostad bhg.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
16. Planleggingsdag Eiken barnehage	17.	18.	19.	20.	21	22.
23.	24.	25.	26.	27.	28.	29.
30.	31.					

SEPTEMBER 2021

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
		1.	2.	3.	4.	5.
6.	7. Foreldremøte Hægebostad barnehage	8.	9. Foreldremøte Eiken barnehage	10.	11.	12.
13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
27.	28.	29.	30.			

OKTOBER 2021

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
				1.	2.	3.
Haustferie 4.	Haustferie 5.	Haustferie 6.	Haustferie 7.	Haustferie 8.	9.	10.
11.	12.	13.	14.	15.	16.	17.
18.	19.	20.	21.	22. Planleggingsdag for begge barnehagane	23.	24.
25.	26.	27.	28.	29.	30.	31.

NOVEMBER 2021

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
8.	9.	10.	11.	12.	13.	14.
15.	16.	17.	18.	19.	20.	21.
22.	23.	24.	25.	26.	27.	28.
29.	30.					



BARNEHAGANE I HÆGEBOSTAD KOMMUNE

JULEFERIE

På grunn av at me ynskjer å tilpasse personalplanen i forhold til antall barn, vil me gjerne få tilbakemelding om barnet/-a dykkar kjem i barnehagen i juleferien.

Denne lappen må leverast til barnehagen eller sendes på mail til synnove.hultin@haegebostad.kommune.no (Hægebostad barnehage) eller irene.handeland@haegebostad.kommune.no (Eiken barnehage) **innan 2.12.21**

Takk!!

Namn på barnet/-a.....

		Kjem	Kjem ikkje
Torsdag	23/12
Måndag	27/12
Tysdag	28/12
Onsdag	29/12
Torsdag	30/12

Dato.....

Underskrift.....

DESEMBER 2021

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
		1.	2. Svarfrist juleferie	3.	4.	5.
6.	7.	8.	9.	10.	11.	12.
13. Nissefest kl. 15.00-17.00 Hægebostad bhg.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
20.	21.	22.	23.	24. Julaften Bhg. er stengt	25. 1. juledag	26. 2. juledag
27.	28.	29.	30.	31. Nyttårsaften Bhg. er stengt		

JANUAR 2022

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
					1. 1. nyttårsdag	2.
3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.
10.	11.	12.	13.	14.	15.	16.
17.	18.	19.	20.	21.	22.	23.
24.	25.	26.	27.	28.	29.	30.
31.						

FEBRUAR 2022

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
	1.	2.	3.	4.	5.	6.
7.	8.	9.	10.	11.	12.	13.
14.	15.	16.	17.	18.	19.	20.
21. Vinterferie	22. Vinterferie	23. Vinterferie	24. Vinterferie	25. Vinterferie	26.	27.
28.						



Barnehagane i Hægebostad kommune

PÅSKEFERIE

På grunn av at me ynskjer å tilpasse personalplanen i forhold til antall barn, vil me gjerne få tilbakemelding om barnet/-a dykkar kjem i barnehagen i påska.

Denne lappen må leverast til barnehagen eller sendes på mail til synnove.hultin@haegebostad.kommune.no (Hægebostad barnehage) eller irene.handeland@haegebostad.kommune.no (Eiken barnehage) **innan 23.03.22**

Takk!!

Namn på barnet/-a.....

	Kjem	Kjem ikkje
Måndag 11/4	_____	_____
Tysdag 12/4	_____	_____
Onsdag 13/4 (bhg. stengjer kl. 12)	_____	_____

Tirsdag 19/4 er barnehagen stengd pga. planleggingsdag.

Dato.....

Underskrift.....

MARS 2022

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
	1. Frist opptak/endring av plass	2.	3.	4.	5.	6.
7.	8.	9.	10.	11.	12.	13.
14.	15.	16.	17.	18.	19.	20.
21.	22.	23. Svarfrist påskeferie	24.	25.	26.	27.
28.	29.	30.	31.			



Hægebostad kommune

FERIEAVVIKLING FOR BARNEHAGANE I HÆGEBOSTAD KOMMUNE

Viser til vedtektene for barnehagane i Hægebostad kommune, pkt. 5 om fleksibel ferieavvikling frå og med veke 26 til og med veke 31. Barnehagane er **stengd i veke 28 og 29**.

Kvart barn må vera borte frå barnehagen **minimum 4 veker samanhengande**.

Dersom det er færre enn 3 barn i ein av barnehagane vil barna bli samla.

Frist for å melde frå kor tid barnet skal vere borte frå barnehagen i sommarferien: **1. april**.

Dersom denne fristen ikkje vert halden, kan enhetsleder i barnehagen ta ut barnet dei vekene det er best for barnehagen.

Nytt barnehageår startar i veke 32.

Namn på barnet/-a: _____ **skal ha ferie**

veke 26-29 ____

veke 27-30 ____

veke 28-31 ____

Dato: _____

Underskrift: _____

APRIL 2022

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
			Svarfrist sommarferie	1.	2.	3.
4.	5.	6.	7. Påskefrukost Eiken barnehage	8.	9.	10.
11.	12.	13. Barnehagane stenger kl. 12	14. Skjærtorsdag	15. Langfredag	16.	17. Påskedag
18. 2. påskedag	19. Planleggingsdag for begge barnehagane	20.	21.	22.	23.	24.
25.	26.	27.	28.	29.	30.	

MAI 2022

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
						1.
2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.
9.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
16.	17.	18.	19.	20.	21.	22.
23.	24.	25.	26.	27.	28.	29.
30.	31.		Kr.himmelfartsdag	Planleggingsdag for begge barnehagane		

JUNI 2022

MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
		1.	2.	3.	4.	5. Pinsedag
6. 2. pinsedag	7.	8.	9.	10.	11.	12.
13. Open dag kl. 15.00-17.00 Hægebostad barnehage	14. Sommarfest Eiken barnehage	15.	16.	17. Planleggingsdag for begge barnehagane	18.	19.
20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
27.	28.	29.	30.			

JULI 2022

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
				1.	2.	3.
4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
11. Barnehagane er stengd denne veka	12.	13.	14.	15.	16.	17.
18. Barnehagane er stengd denne veka	19.	20.	21.	22.	23.	24.
25.	26.	27.	28.	29.	30.	31.

